



# Fritid på skulen

Kvalitetsplan for Skulefritidsordninga (SFO) i Sveio kommune 2017-2021.



Foto: Ida Vollum



## 1. Visjon.

Den overordna visjonen til Sveio kommune er **«Vilje til vekst – ein god stad å bu»**. Skulefritidsordninga i Sveio kommune skal difor ha høg kvalitet og vera kjenneteikna av livsglede, kreativitet, fellesskap og mangfald. Skulefritidsordninga skal vera eit attraktivt tilbod som bidreg positivt i barna si utvikling.

## 2. Mål.

Føremålet med Skulefritidsordninga (SFO) går fram av § 13-7 i *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)*, sist endra 1. februar 2017 og § 1 i *Vedtekter i dei kommunale skulefritidsordningane i Sveio*, vedtekne av Sveio kommunestyre 6. mars 2017.

§ 13-7 i Opplæringslova lyder slik:

***Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.***

***Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.***

***Skolefritidsordninga skal ha vedtekter om***

- a. eigarforhold***
- b. kven som er opptaksmyndigheit***
- c. opptakskriterium***
- d. opptaksperiode og oppseiing av skolefritidsplassen***
- e. foreldrebetaling***



**f. leike- og opphaldsareal**

**g. dagleg opphaldstid og årleg opningstid**

**h. bemanning og leiing**

**Når skolefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.**

**Kommunen kan krevje utgiftene til skolefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.**

**For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.**

**Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skolefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skolefritidsordningar.**

**Departementet kan gi nærmare forskrifter om skolefritidsordninga.**

§ 1 i Vedtekter for dei kommunale skulefritidsordningane i Sveio lyder slik:

**Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna og ha fokus på fellesskap, likeverd, tryggleik og sjølvstende.**

**Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Barn med nedsett funksjonsevne skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.**

Med grunnlag i lov og lokale vedtekter har Sveio kommune desse overordna sams måla for skulefritidsordningane (SF) i kommunen:

- SFO skal vera ein trygg stad for alle born i ordninga, der alle får omsorg og blir ivaretekne.
- SFO skal gje borna høve til allsidig leik og varierte arbeidsformer ut ifrå eigne interesser og eige funksjonsnivå.



- SFO skal stimulera til sosiale aktivitetar samstundes som det skal vera mogeleg å vera aleine og ha individuelle aktivitetar.
- SFO skal vera eit positivt element i og ein del av skulekvardagen, slik at ein skaper ein heilskap i skuledagen for dei minste.

### **3. Forventningsavklaring med dei føresette.**

Kvalitetsplanen for skulefritidsordninga i Sveio kommune skal leggja til rettes for eit tilbod som har høg kvalitet og som på det viset hjelper til med å gje borna ei god utvikling. Skulefritidsordninga skal vera noko langt meir enn «eit oppbevaringstilbod» før og etter skuletid. Sveio kommune ynskjer å styrkja merksemda kring skulefritidsordninga som eit positivt fritidspedagogisk tilbod. Det er viktig at dei føresette sine forventningar er godt avstemde med det tilbodet kommunen kan tilby. Difor blir det rådd til at den einskilde skulefritidsordninga gjennomfører ei forventningsavklaring med dei føresette i forkant av kvart skuleår.

### **4. Kjenneteikn på den gode skulefritidsordninga (SFO).**

Skulefritidsordninga er ein del av den samla verksemda ved skulen. Borna skal oppleva heilskap og samanheng i kvardagen sin. Skal dette vera mogeleg, må skulen og SFO møta borna med same verdi- og menneskesyn, men og med det same læringssynet. Dette vil gje borna ein meiningsfylt og samanhengande kvardag, samstundes som personalet finn mening og glede i samarbeidet sitt med resten av skulen.

***Den gode skulefritidsordninga er ein del av den heilskapelege verksemda ved skulen.*** Difor må skulen leggja til rettes for at:

- SFO tek del i den heilskapelege planlegginga ved skulen.
- Dei tilsette i skule og SFO samarbeider om det einskilde barnet.
- Det blir lagt til rettes for sambruk mellom SFO og skule.
- Elevane sine timeplanar og arbeidsplanane for dei tilsette blir tilpassa slik at kvardagen fungerer godt.



- Det er samsvar mellom reglane i SFO og skule, og reglane skal fremja tryggleik for alle.

***Den gode skulefritidsordninga hjelper til med å gje borna ein trygg og stabil barndom og er med på å styrka det sosiale nettverket.*** Difor må skulefritidsordninga leggja til rettes for at:

- Dei vaksne er engasjerte, synlege og tilgjengelege, og dei ser det einskilde barnet.
- Dei vaksne er autoritative, ikkje autoritære. Dei er varme og opne og set tydelege grenser.
- Borna får høve til å knyta venskap.
- Det blir etablert sosiale læringsarenaer.
- Dagsrytmen må vera føreseieleg, og det er få, men tydelege reglar.
- Atmosfæren er konstruktiv og konfliktnivået lågt.

***Den gode skulefritidsordninga legg til rettes for at borna får positive fritidsvanar og interesser.*** Difor må skulefritidsordninga leggja til rettes for at:

- Leiken står i sentrum.
- Verksemda gjev tilbod om ulike aktivitetar.
- Borna får utfordringar og ansvar, og dei får vera med og bestemma.
- Fritidsaktivitetar som til dømes kulturskuleundervisning kan gå føre seg i SFO-tida om dette let seg gjera praktisk.

***Den gode skulefritidsordninga stimulerer til læring og utvikling av kreativitet gjennom leik og frie aktivitetar.*** Difor må skulefritidsordninga leggja til rettes for at:

- Borna tek aktive val med omsyn til aktivitetane dei er med på.
- Det er høve til både å ha ro og fysisk aktivitet.
- Leiken er konstruktiv, borna tek initiativ.
- Leiken fremjar positivt sosialt samspel.



- Borna blir tekne med på råd
- Det blir lagt til rettes for varierte opplevingar, slik at fantasien og kreativiteten til borna blir stimulert.

***Den gode skulefritidsordninga gjev høve til medverknad frå born og foreldre.*** Difor må skulefritidsordninga leggja til rettes for at:

- Foreldra blir møtte på positivt og profesjonelt vis.
- Foreldra opplever at borna deira er trygge og at dei trivst.
- Foreldra blir inviterte til å samarbeida.
- Foreldra får god informasjon om drifta av skulefritidsordninga.

***Den gode skulefritidsordninga gjev personalet høve til fagleg og personleg vekst.*** Difor må skulen og skulefritidsordninga leggja til rettes for at:

- Interessene og kompetansen til dei vaksne må bli nytta som ein ressurs i arbeidet.
- Alle, så langt som råd, tek del i skulen sine felles tilskipingar.
- Personalet får tilbod om kurs og etterutdanning.
- Dei tilsette har medverknad på utviklinga av organisasjonen.

## **5. Innhald.**

Innhaldet i skulefritidsordninga skal vera i tråd med det som går fram av § 13-7 i Opplæringslova.

Skulefritidsordninga driv sosialpedagogisk og førebyggjande arbeid gjennom omsorgs- og aktivitetstilbodet sitt. Tilbodet i skulefritidsordninga skal henga saman med det som skjer i skuletida. Føremålsparagrafen, § 1-1, i Opplæringslova gjeld både for skulen og skulefritidsordninga.



Føremålsparagrafen har denne ordlyden:

**§ 1-1: Formålet med opplæringa**

**Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.**

**Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.**

**Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.**

**Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einsskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.**

**Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.**

**Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad. Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.**

Med heimel i Opplæringslova §§ 1-1 og 13-7 og Vedtekter for dei kommunale skulefritidsordningane i Sveio § 1, skal innhaldet i skulefritidsordningane i Sveio kommune ha med seg desse elementa:

- Leik. Det skal leggjast til rettes både for fri leik og organiserte aktivitetar.



- Kulturaktivitetar. Borna skal få oppleva å ta del i kunst- og kulturuttrykk. Om det høver, kan og undervisning i Kulturskulen leggjast til SFO-tida.
- Fysisk aktivitet. Borna skal få høve til å driva med idrett og friluftsliv i skulefritidsordninga. Det er positivt om ein kan etablera samarbeid med idrettslag og andre organisasjonar om aktivitetar i SFO-tida.
- Omsorg og tilsyn. Det skal vera trygt og godt å vera i skulefritidsordninga. Dei vaksne skal alltid vera i nærleiken av borna og sikra at dei føler seg trygge og ivaretekne. Dei vaksne gjev borna omsorg, tilsyn, tryggleik, trøyst, omtanke, oppmuntring og hjelp.
- Tryggleik. Skulefritidsordninga må ha tilfredsstillande rutinar for å sikra tryggleiken til borna i SFO-tida.

## 6. Leiing.

Rektor og resten av leiinga ved skulen har som hovudoppgåve å leggja tilhøva best mogeleg til rettes for at elevane får eit maksimalt utbyte av skulegangen sin. Dette gjeld og for skulefritidsordninga. God leiing av skulefritidsordninga er kjenneteikna av desse elementa:

- SFO-leiar formidlar tydelege mål for kva skulefritidsordninga skal vera.
- SFO-leiar syter for at kvalitetsplanen er godt kjend blant dei tilsette.
- SFO-leiar legg vinn på å utvikla ein organisasjon som har brei kompetanse og høg kapasitet.
- SFO-leiar legg til rettes for eit variert aktivitetstilbod i skulefritidsordninga i samsvar med denne planen.
- SFO-leiar gjev dei tilsette ærleg og tydeleg tilbakemelding på utført arbeid.
- SFO-leiar er oppteken av kontinuerleg forbetningsarbeid.
- SFO-leiar legg til rettes for samhandling på arbeidsplassen.
- SFO-leiar er tilgjengeleg for dei føresette og gjev dei god informasjon om tilbodet.





- SFO-leiar legg til rettes for god samhandling med eksterne samarbeidspartnarar.

## **7. Kvalitetsutvikling og planarbeid.**

Kvar einskild skulefritidsordning skal utarbeida sin eigen årsplan med utgangpunkt i kvalitetsplanen. Årsplanen skal tilpassast dei lokale tilhøva ved den einskilde skulen, men skal i alle høve seia noko om desse elementa:

- Konkretisering av aktivitetstilbod gjennom året.
- Bruk av og samspel med nærmiljøet.
- Samarbeid med dei føresette.
- Vurdering og evaluering av tilbodet i skulefritidsordninga.

Skulefritidsordninga må, til liks med skulen, ha kontinuerleg fokus på kvalitetsutvikling. Difor er det og viktig at dei tilsette i skulefritidsordninga får høve til å utvikla seg fagleg. Sveio kommune vil arbeida for at det blir gjeve tilbod om relevant etterutdanning og fagleg ajourføring for dei tilsette, både lokalt og i regi av Forum for Oppvekst i Sunnhordland (FOS).

Det er ynskjeleg at dei tilsette i skulefritidsordningane ved skulane i Sveio kommune får høve til å danna nettverksgrupper på tvers av einingane for å reflektera over eigen praksis og utvikla seg fagleg i lag med kvarandre.

## **8. Plan for foreldresamarbeid.**

Orientering og dialog kring skulefritidsordninga skal vera ein naturleg del av det fortløpande samarbeidet mellom heimen og skulen.

Skulefritidsordninga vil vera eitt av dei naturlege punkta på klasseforeldremøte og foreldresamtalar i småskulen.

Foreldre/føresette har og krav på god dagleg informasjon. Års- og månadsplanar for SFO må vera tilgjengelege på skulane sine nettsider.

